

# Handlingsplan og Eldrerådet sine oppgårer 2024:

Eldrerådet ønskjer at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom:

- At eldre får fleire gode leveår der dei beheld god helse og livskvalitet, meistrar eige liv og får hjelp når dei har trøng for det.
- Pårørande som ikkje vert utslitne, og som kan ha ein jamn innsats for sine næraryste.
- Tilsette som opplever at dei har eit godt arbeidsmiljø, der dei får nytta kompetansen sin, og får gjort ein fagleg god jobb.

Målgruppa er eldre over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur på institusjon. Dette er ei målgruppe med ulike forutsetningar og store variasjonar i behov og ønskjer.

Mange av dagens og morgondagens eldre har aktive liv med god helse og livskvalitet, og deltek aktivt i lokalsamfunnet. Det betyr at vi må ha ordningar og tenester som er godt tilpassa og berekraftige.

## Eldrerådet vil i 2024 arbeide med følgjande tema:

Planarbeid	<ul style="list-style-type: none"><li>- Involvere oss og gje uttale til alle nye planar/revidering av innhald som gjeld eldre sine vilkår.</li><li>- Samarbeide med Levekårsutvalet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.</li><li>- Følgje opp kommunedelplan omsorg, helse og sosial og bruke både den og handlingsplanen.</li><li>- Nutte brukarundersøkingar for kartlegging av ernæringsbehov.</li></ul>
Pårørandeutval	<ul style="list-style-type: none"><li>- Arbeide for å etablera eit felles pårørandeutval for alle institusjonane i kommunen.</li></ul>
Velferdsteknologi	<ul style="list-style-type: none"><li>- Arbeida for at eldre får tilgang til dagens teknologiske hjelpemidler.</li><li>- Informera om tilbod i kommunen.</li></ul>
Kvardagsrehabilitering	<ul style="list-style-type: none"><li>- Ordninga omfattar heile kommunen, sjå kommunen si heimeside.</li><li>- Vidareføring av satsing på kvardagsrehabilitering.</li></ul>
Førebyggjande heimebesøk	<ul style="list-style-type: none"><li>- Følgje opp og støtte.</li><li>- Eldrerådet er referansegruppe her, sjå kommunen si heimeside.</li></ul>
Frivillighet	<ul style="list-style-type: none"><li>- Samarbeide med Frivilligsentralen.</li><li>- Arbeida for at kommunen kan koordinera fleire frivillige til arbeid i omsorg, pleie og helse via ein frivilligkoordinator.</li><li>- Prioritera fysisk aktivitet og eit aktivt sosialt liv og hindra einsemd.</li></ul>
Tannbehandling	<ul style="list-style-type: none"><li>- Støtte arbeidet med å få fylkestannlegen til å etablira seg på Rosendalstunet.</li></ul>
Mat og måltid	<ul style="list-style-type: none"><li>- Sikre god ernæringskompetanse med gode fagfolk.</li><li>- Følgja opp kommunestyrevedtak frå 18.02.21 og auka matkompetanse på avdelingane.</li><li>- Arbeide for at heimebuande eldre kan få kjøpa ferdig middag.</li></ul>

Samanhengjande teneste	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Pasienten får færre tilsette å halda seg til.</li> </ul>
Økonomi	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fokus på søknad om og bruk av statlege søknadsmidlar.</li> </ul>
Aldersvennleg samfunn	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fokus på kva dei eldre ønskjer som forbetring i bygdene.</li> <li>- Samarbeid med frivillige.</li> </ul>
Deltaking	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta på regionale og sentrale møter og konferansar.</li> </ul>
Demens	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eit demensvennleg samfunn med plan og dagtilbod til demente, og støtte til pårørande.</li> <li>- Utvikle kurs/sertifisering av frivillige.</li> </ul>
Innovering	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Besøk på alle institusjonane hausten 2024.</li> <li>- Vitja frivillige lag.</li> </ul>